



Berge bnr. 1.

Utlånt av Asbjørn Berge.

EIT FOLK I ARBEID

Anton K. Berge

Anton K. Berge, født på Berge i Bergsdalen 19. Juni 1910, var sønnesønn av Ole K. Lavik som bosatte seg på Berge i Bergsdalen i 1877.

Anton K. Berge var en av ti søsken og han pratet mye med sin far, Knut Berge om forholdene den gang de flyttet fra Dale til Berge.

Skrivingen var ikke avsluttet da Anton K. Berge døde 16. desember 1973, men Roy Berge har skrevet etterord som har gitt en avslutning på, historien rundt bosettingen på Berge i Bergsdalen.

Ein marsdag i 1877 var Ola Lavik på veg oppover Bergsdalen. Det var tungt snøføre og han gjekk på ski. Ola, som var fra Lavik i Eksingedalen, hadde hatt

gard på Dale dei 6-7 siste åra. Men no hadde han selt dette bruket til konsul Peter Jebsen fra Bergen, som ville byggja ein ullvarefabrikk på Dale. Og ærendet til Ola Lavik ved denne turen oppover Bergsdalen var å sjå på eit bruk på Berge, som han hadde frett var til salgs, då han sist var innover til Bolstadøyri med postsjuss.

Ferdsele frå Dale opp Bergsdalen var ikkje vanleg den gongen. Det første stykket, heilt oppå Storefossen, var bade tungt og ulendt. Og elva matte kryssast fleire gonger om ein i det heile skulle koma fram. Men Ola var vel vand med å ta seg fram i slikt lende, og denne vegen rett opp dalen var munaleg kortare enn om han fyrst skulle ro inn til Bolstad og så gå fjellet ut i Bergsdalen der ifrå. Ola var ikkje heilt ukjend i Bergsdalen. I dei åra som han hadde vore gardbrukar på Dale, hadde han vore oppover nokre gonger på jakt- og fisketurar, og han hadde også vore innover Bergsdalsfjella om haustane og sett etter sau og ungfø som hadde teke seg på vidda. På desse turane hadde han også vitja sambygdingen sin Anders Lid frå Fjellanger i Eksingedalen, som hadde kjøpt gard på Lid i Bergsdalen fyrst i 60-åra.

I dag hadde Ola teke tidleg i veg fra Dale og på skaraføret kunne han ta seg fram utan ski der det var mest ulendt mellom Møyadalen og Storebotnen. Han snakka ikkje med nokon og gav seg heller ikkje tid til å kvila før han kom til kom til Lid. Der tok han inn hjå Anders Fjellanger, fekk mat og kvilde, og fortalde kva ærende han var ute i. Og Anders gav råd, og fortalde om sine erfaringar som gardbrukar i Bergsdalen. Han visste å verdsetja skog og utslåtter på Berge, og kunne gjeva opplysingar om kårfolket på bruket og om naboane der oppe.

Sjølv om Bergsdalen denne gongen var ei avstengd fjellbygd utan veg, so skremde ikkje det desse som var eksingedøler. Fjellet til Bolstadøyri var etter måten fint å fara, og lengda dit var rimeleg etter deira melestav. Og Bolstadøyri var den gongen eit sentrum på desse kantar både med omsyn til samferdsel og handel. Frå Bolstadøyri gjekk rutebåt til Bergen både med folk og varor, og var utskipingsstaden for landbruksvarer frå heile Vossedistriktet. Og smør og kjøt kunne seljast på Bolstad, eller bytast i viktigaste forbruksvarone som korn, salt, og litt sukker og kaffi. Om somaren laut varone klyvjast, men om vetteren vart det brøyt so pass veg at det var råd å køyra med slede over fjellet.

Det var med friskt mot Ola Lavik drog vidare oppover dalen etter desse yverlegningar med sambygdingen sin på Lid.

Komen til Berge bar Ola fram ærendet sitt for Anders Berge. Anders sanna at han vilde selja garden, og viste rundt i husa. Uthusa var etter måten gode og ikkje so mange åra, men den gamle steinstova trong nok sårt ei omvøling. Buskapen var som vanleg på dei tider, men der var ein gild 2-årings borkute hingst som også skulle gå med i handelen. På garden var det kårplikt til å fø ei kyr og fire sauer. Dette var halvparten av kåret til gamle Ingebjørg Berge.

Før Ola drog frå Berge att var handelen i orden. Anders skulle vera der til dyra var framfødde, men buskapen skulle fylgja garden og den nye eigaren skulle gjera våronn. Kjøpesummen vart å utgreida etter semja som vart avtala.

Sant å segja tykte Ola Lavik han var vel tilfreds då han i skyminga tok på

heimvegen att til Dale.

Garden Berge var ein gamal gard. Kor lenge der hadde vore fastbuande folk kunne ingen fortelja. Men bygdefolket meinte Berge var eldste garden i dalen. Venteleg er garden rudt og bygd av utflytta folk fra Bolstad eller Rasdalen. Dei fyrste som kom her var nok jegrar og fiskarar. I vatnet var auren feit og stor, og i liene rundt vatnet var det rike hjortestammer som fann gode somarbeite. Inne under berget voks det gras og urter av mange slag, Der var det tidleg om våren og godt beite til langt på hausten. Og i uver gav dei mange og store heldrane god livd for bufeet som beitte der. Det var difor ikkje å undrast over at gjeldfeet fra Bolstad og Rasdalen hadde hatt sitt tilhald der i uminnelege tider.

Og so ein vakker somardag – ein gong i fame tider – kom det eit ungt ektepar med livsmot nok til å rydja, byggja og bu.

Fram til 1865-åra var Berge eit bruk. Eigaren då var Ingebjørg Berge. Mannen hennar –Magne – døydde i ung alder. Dei hadde tre born, Lars, Torbjørg og Brita. Da Magne døydde levde foreldra hans.

Lars var jordkaren til Berge, men han vart gift med Elisabeth Lid som var einaste barnet på midtbruket der. Det var nok ikkje med lett hjarta Lars flytta frå Berge. Men på Lid var det velstand, på Berge armod, 3 kårfolk og 2 ugifte systre som fylgde med garden.

Då Lars flytte til Lid, og karhjelpa dermed vart borte på Berge, fann Ingebjørg at ho laut selja garden.

Kjøparen vart Johannes Helland fra Modalen. Han skifte Berge mellom 2 av borna sine, Ragnhild som var gift med Lars Krossen (Nygard) og sonen Andres som ennå var ugift. Både innmark og utmark vart skift mellom dei to syskini slik merkeslinjene nå er – Eit framifrå skiftearbeid.

Andres – som son – fekk velja part då skiftet var gjort, og valde bruk nr. 1 (det vestre).

Det var ikkje mykje hus på Berge då Modalsfolket kom der. Det var gamle steinstova, eldhuset og ei matbu utanom uthusa – flor og løda. For hadde det vore eit bruk med ein familie og kårfolk. No vart det to familiar til. Rett nok var Anders ungar, men Lars Krossen og Ragnhild kona hans hadde 3 born då dei kom til Berge. Lars hadde vore til hus på Krossen, dreve fyrefallande leigearbeid og fora åt egne beist i skrapslått og utmark. Da han kom til Berge hadde han med eit par kyr, nokre smalar og det han var mest stolt av – ei grå merr. Anders overtok dei dyra som var på Berge forutan kårbeista. I det heile vart det no 8 vaksne og 3 born på Berge, som til å byrja med laut bu saman i dei husa som var der. Florslemmen var god å ha som soveplass for ungdommen. Men stova og eldhuset var einaste stadane å arbeida i og til matstellet. Og om vinteren var eldhuset for kaldt til opphaldsrom. Då hende det jamvel at kvinnfolka laut setja seg til å spinna i stovesengene.

Ved delinga av garden vart merkeslinja førd slik at eldhuset kom til å stå med ein halvdel på kvart bruk, og dermed vart eldhuset skift mellom brukarane. Den gamle steinstova tilfall Anders, medan dei gamle uthusa tilfall Lars.

På denne måten laut Lars byggja nye stovehus og Anders nye uthus. Dette vart den fyrste store oppgåve dei nye eigarane fra Modalen fekk på Berge. Etter eit par år var dei nye husa oppe, og dei to bruka vart etter kvart meir sjølvstendige. Dei eldste kårfolk fall også frå, so kårpliktene minka.

Anders gifte seg med Torbjørg, eldste dotter til kårkona som no var att. Brita stakkar hadde hareskår, og hadde vel ikkje store sjangsar til å verta gift. Difor hadde mora hennar ordna det soleis då ho selde garden, at ogso denne dottera skulle ha rett på kår dersom det vart naudsynt.

Det gjekk i mellomtida ikkje so godt for Anders. Han var vel heller ingen ihuga gardbrukar. Han fekk barn med svigerinna si, Brita, og dette gjekk som ventande var ut over familielivet elles.

Dessutan var det stadig krangel og uro mellom grannane, og dette siste var sikkert den viktigaste grunnen til at Anders no hadde bestemt seg til å flytta fra Berge.

Det var funderingar om historia – og om folket på den garden han no hadde avtala å verta eigar av – som opptok Ola Lavik på vegen nedover til Dale seinkvelden og natti i mars 1877. Det hadde frose på so skiene gleid godt. Han laut likevel fara varsamt der det var hengebratt og ulendt, og heim til Dale kom han ikkje før ved midnattsleite då huslyden sov og nattstilla hadde senka seg over gard og grend.

Det vart ein strevsam vår for Ola og huslyden hans. Garden og buskapen på Dale krevde sitt, og det skulle ogso førebuaast flytting til Berge. Dessutan hadde Ola postsjussen millom Games og Bolstadøyri, og dette arbeidet tok i det minste 3 dagar annankvar vika.

Postføraren vart henta med båt på Games og rodd til Dalebyggja. So var det kløving med hest til Dalseid, og vidare med båt til Bolstadøyri. Til vanleg var det to som rodde, men i uver og når meinsisen låg i fjordane kunne det vera strevsame turar. Postsjussen gav litt kontantar som kom godt med.

Ola Lavik var fødd i 1834. Han var den fjerde av ein syskinflokk på ti. Faren, Knut var gardbrukar på Lavik i Eksingedalen, og mori Anna var frå Skjervheim på Vossestrondi.

Huslyden på Lavik var strevsame og flinke folk, og borna laut tidleg ta del i alle fyrefallande arbeid. Men det vart ogso fritider då ungdomane hadde mykje moro. Ola var lett til beins, og både somar og vetter var det få som kunne fylgja han når det bar på kappestrid om å koma fort fram. Ola var ein framifrå skiløpar i sine unge år, og ein ivrig jeger og fiskar. Beste kameraten var eit syskinbarn på same alder, og desse to karane hadde mykje moro saman.

Som for dei aller fleste den gongen vart det ikkje so rart med skuleopplæringa. Nokre vikor omgangsskule strakk berre til å læra lesa og skriva. Og gjennom konfirmasjonsførebuinga lærde dei det viktigaste i religionsfaga. Det var heller ikkje so mykje lesestoff på bygdene den gongen. Det vanlege folk hadde av lesnad var huspostillen og salmeboka, men desse vart flittig brukte.



Anna A. Skjervheim 1809-1909.


Ulånt av Asbjørn Berge.

Mest kunnskap fekk born og unge ved munnlege overleveringar fra eldre folk. Og folk var svært gode å fortelja sogor den gongen, sogor som hadde gått frå generasjon til generasjon i uminnelege tider. Ettesogor var særleg populære, og alle hadde god greie på ætta si langt tilbake. Men sogene var ogso overleveringar av praktiske røynsler som var vunne gjennom generasjonars strev for betre livskår. Det vart lærde folk i livet sin eigen harde skule.

Jordbruket var eit utprega sjølvforsyningsjordbruk, der so å seia alt som trongst til livsopphaldet måtte skaffast på eigen gard. Gardbrukarane denne gongen måtte soleis ogso vera håndverkarar, men det var ikkje lett for alle å bli gode og fullfarne håndverkarar i alle leier. Difor var det mykje brukt å gjera arbeidsbyte i håndverk. Den eine brukaren var t.d. smed, den andre skomakar, den tredje snikkar og ein fjerde skreddar. Håndverket måtte ungdomane læra seg før dei sjølve

fekk gard og familieplikter. Og andre yrke enn jordbruk var ikkje mykje tilgang på.

Ola Lavik valde skreddarhåndverket som sitt lærefag. Dei som den gongen var skreddarar av yrke reiste rundt frå gard til gard og sydde åt folk. Den som leigde sying heldt kost og hus, og soleis sparde dei på kontantutlegget. Ola vart læregut hjå ein skreddar frå Stamnes. Skreddarutstyret var enkelt, saks, nåler og pressejern. Dessutan var det vanleg at skreddaren held sytråd av ymse farge og kvalitet. Tøyet var for det aller meste heimevove vadmål. Berre handelsfolk og embetsmenn hadde råd å kjøpa tøy av innført vara frå utlandet. Arbeidsdagen var lang, og håndsauving var mødesamt å sitja med i ofte sparsomt ljøs. Dei sydde åt folk i Eksingedalen og i Stamnes, men for ogso ikring i Osterfjorden, i Modalen og Romarheim. Læretida varde i 4-5 år. I 1862 var Ola utlærd skreddar. Frå no kunne han sjølv ta på seg saum åt folk. Han fekk laga seg ei kista at reidskapen sin. Denne var hendig å fara med både land- og sjøvegen. Ho var raudmåla, hadde smårom for nåler, tråd og kanteband, og på framsida stod det skreive: Ole Knudsen Lavik, 1834 – 1920.



Ole Knutsen Lavik.

Utlånt av Asbjørn Berge.

Skreddaryrket kunne nok vera like godt som jordbruket sett frå den økonomiske sida. Men det høvde lite å fara rundt hjå folk vida i kring for den som hadde familie. I 1871 gifte Ola seg med Anna Nesheim, og så kjøpte han garden på Dale. Litt kontantar hadde han lagt seg opp i dei åra han hadde reist rundt som skreddar, men han måtte ogso låna for å løysa garden.

Ola var 37 år da han gifte seg, medan kona berre var vel 20 år. Anna var uekte barn. Mori hennar, Ragnhild Nesheim, hadde i unge år vore i teneste på Evanger.

Der hadde ho vorte kjend med ein husmannsgut som heitte Erling Hernes, og desse to hadde tykt so godt om einannan at dei ville gifta seg. Gamle Lars Nesheim tykte ein husmannsgut var for simpelt å dotter si, og forbaud ekteskap sjølv om Ragnhild var med barn. Han reiste til Evanger å henta Ragnhild heimatt til Nesheim, og Ragnhild fekk ikkje so godt som snakka med Erling meir. Erling Hernes reiste like etter til Amerika i sorg over sin og Ragnhild sin lagnad. Ragnhild vart heime på Nesheim. Her fekk ho Anna, og her voks Anna opp. Den vesle likna på far sin, var ljosleitt og vakker, og snart gjekk det gjetord om kor fager ho var som gjente.

Da Ola og Anna gifte seg og flytte til Dale, flytte Ragnhild med dei. Og ho delte sidan sorger og gleder saman med huslyden til Ola til sin døyande dag.

I dei 6 åra sidan Ola og kona flytte til Dale hadde huslyden auka med 3 små. Knut – den eldste – kom året etter dei kom hit. Ola var altso 38 år då jordkaren vart fødd. Då han fekk sjå den vesle nykomne og kona spurde om han ikkje var stor og vakker, sanna Ola det. Men han la til at han nok likevel var for liten til at han nokon gong kunne bli til hjelp for far sin.

I 1874 vart Olav fødd, og i 1876 kom Anna. Med Gommor (Ragnhild) var dei no ein huslyd på 6.

Åra på Dale hadde vore lukkelege, men strevsame år. Garden var heller liten etter som dei var vane med det fra Eksingedalen. Særleg var utslåttene små og ulendte. I Eksingedalen hadde dei hatt meir utslått enn dei kom over, og dei kunne slå med langorv for det meste. Her på Dale var mest berre uraslått, og so ulendt at høyet laut berast lange vegar. På denne måten vart det strevsamt og tidkrevjande å samla for. Dette var den vesentlege grunnen til at Ola hadde teke på seg å skyssa postføraren. Han tykte det gav meir att for strevet.

Våren kom seint i 1877. Kvar gong Ola var til Bolstadøyri med posten, spurde han dei Bergsdølar han møtte om snøen var faren på Berge. Fyrst midt i juni månad tok han utom fjellet fra Bolstad for å gjera våronn. Han bar med seg ei halv tunna reinkorn (bygg) som han skulle så. Både Bæstbóåkeren og Florsåkeren var åta (molda), og det kom godt med. Åkrane var rett nok snøberre, men elles låg det enno mykje snø både i myrane og oppover i Dokkji.

Ola spadde fyrst opp åkrane etter å ha fenge gjødsel ut på dei. So var det gardgjering og ymse anna fyrefallande. Sankt Hansaftan sådde han kornet før han for nedatt til Dale.

No vart det retteleg strevsamt med flyttinga. Større ting av det som skulle takast med til Berge rodde han inn til Bolstad. So la han kløv derfrå og opp på Freisføtet, eller han bar det på sin eigen rygg. Og nytta han skaraføret tidleg om morgonen, so kunne han køyra vidare over fjellet. Noko fekk han også lagra på Bolstad til seinare.

So kom flyttedagen for huslyden til Ola. Det leid alt ei vika ut i juli, og det galdt å koma i orden so godt det let seg gjera på den nye heimen for slåttetid. Dei store og tunge tinga var anten komne på plass på Berge, eller i det minste komne til

Bolstad. Av buskapan vart det berre den vesle gullblakke hesten som vart flytt med. Denne trugne og gode kløvhesten, som so ofte hadde delt arbeid og slit med husbonden sin, ville ikkje Ola skilja seg med. Dessuten var Borken, som fylgde med i handelen på Berge, so altfor ung og utamd ennå. Det var nok på tale ogso å ta med av dei andre beista frå Dale til Berge, men av gamal røynsle visste Ola korleis både kyr og sau kunne trå attende til der dei var oppvaksne, og soleis verta til strev og missa.

No sjølve flyttedagen var det berre folket – og det dei bar med seg – som tok vegen beinast oppover dalen. Det var Ola og kona Anna, det var Ragnhild mor til Anna (ho gommor), og det var borna Knut, Olav og minstebarnet Anna. Knut, som var 5 år, laut vera flink kar og gå for det meste åleine, men vesle Ola og minstebarnet laut mora og bestemora bera på ryggen. Og Ola sjølv gjekk fyrst i flokken med bær av mat og klær, og andre ting som dei ikkje hadde kunne sendt frå seg. Der vegen var mest ulendt og vanskelegaste å ta seg fram på, gjekk Ola først framover eit stykke med bœra si, sette den frå seg, for so å gå attende å hjelpa dei andre etter. Det tok tid å fara på denne måten. Men dagen var lang og ljøs, og det mangla ikkje på mot og krefter hjå dei som vaksne var. Det vart heller ikkje so lenge mellom kvar stogg. Småguten laut få brødkling og mjølkedrikk, og minstebarnet ein tår av morsbrystet for å sløkkja sin tørste når det vart sutring og smågråt.

Dei gjekk på sørsida av storelva til dei kom i Storebotnen. Der matte dei kliva opp lia for å koma forbi Storefossen.

På Fosse stogga dei og fekk mat hjå Torbjørn og Kristbjørg. Ogso dei var innflyttarar frå Eksingedalen. Dei var endå litt i slekt med ferdafolket, so det var nok av felles kjende å spørja nytt om.

Frå Fosse gjekk vegen om Fosskaret og om tunet på Øye. Øyalidi var lang og strevsam for dei små, men det lettna att liksom då dei kom so langt at dei sag til Brekke og Lid.

På Lid kvilde og åt dei hjå Guri og Andres Fjellanger. Her følte dei seg som heime hjå sambygdingar. Og då dei drog vidare om - Lialeitet, Røtleitet, Solbjørg og Haugasundi –fylgde Guri og Andres dei på vegen like forbi Solbjørg, og hjelpte dei med å bera både born og fødnad.

Det var seint på kveld før Ola og huslyden hans kom fram til Berge. Dei to minste hadde sovna i armane på dei som bar dei. Og det var heller ikkje mykje att av humøret til femåringen – han Knut. Og alle var so trøytt og sletne at dei kraup til sengs i den gamle steinstova mest som dei kom til gards. Borni sov sin trygge svevn, og det varde heller ikkje lenge før enn både Ola og Gommor fekk den tunge og regelrette pusten som fortalde at dei enno var unge nok og sterke nok til å lata svevnen gjera opp med kvar dags strev, og til å gjeva nye krefter til ny dag. Berre Anna – som var sogmor – vart liggjande vaken. Og tankane hennar kom og gjekk. Korleis ville det verta for dei i den nye heimen? Ho kjende seg ottefull for det nye – men ogso glad i tru på livet for seg og sine. Ho vona – og bad so inderleg til Våherre – at han måtte gjeva dei helsa og styrke til å byggja denne nye heimen til

ein god heim og ein lukkeleg heim både for dei som no var komne der, og til ættled etter ættled som skulle fylgja etter i komande tider. Ho kjende det – der ho låg og såg mot ljoreglaset i den ljose somarnatti – som ho var ei ungbjørk omplanta i nytt jordsmonn. Dei fyrste greinene var berre so vidt byrja koma enno. Ville ho slå rot her so ho kunne gjeva sevja til liv for dei små greinene? Ville ho med Guds hjelp verta sterk nok til å bli ein grunnstein for ein ny ættegard? Ville ho som skulle verta rot på det nye ættetreet vera god nok til at hovudstamma alltid held seg rett og rank her på garden? Ja, med Guds hjelp! Slik kom og gjekk tankane hjå den nye mora på Berge fyrste natti ho var der. Fyrst då dagsljøset var i ferd med å bryta fram, dorma ho av.

Det var strevsame dagar for nyafolket på Berge. For kvinnfolka var det å koma seg i orden i huset, baka flatbrød til somars, og å ordna med tusen andre ting av ymse slag. Ola laut sjå over slåttereidskapen – ljå og rivor – og han måtte ogso på taket å vøla for å få bukt med nokre dråpar som synte seg ein dag det regna. Han prøvde ogso fiskelukka, og når veret var lagleg til det gjekk det ikkje lang stunda å dra opp eit måltid stor og feit aure.

Knut og vesle Ola fann jamaldringar hjå grannane å leika saman med, so for dei gjekk yvergongen til dei nye forholda både kvikt og greitt.

Og so laut slåtten byrja. Somaren vert alltid for stutt i fjellbygda, det er då næringsgrunnlaget – vinterforet – må sankast og bergast. På heimebøen var graset ennå for lite vakse. Der var beita både av dyr og smale om våren. Og gjødsla strakte so altfor lite til for å få bøen i skikkeleg hevd. Med den skrale foringa av buskapen, fall det ikkje stort meir gjødtsel enn som trongst til åkrane. Jedlane – som låg vestvent og lunt – vart fyrste slåtteteigen. Mykje kunne slåast med langorv, so samanlikna med slåttone på Dale var her fort å fara. Når Ola var tidleg om morgonen og seint om kvelden, og ho Gommor sytte for all raking – både kringraking og samanraking – so vann dei samla 5- 6 bærer turhøy om dagen i slik slåttemark. Det turre høyet vart sett i stakk. Fyrst om vetteren når det vart rikeleg med snø kunne det verta råd å få det heim.

Etter ei vika i Jedlo, bar det so bortom stølsteigen. Både stølstreet, Neset og myrane laut farast før dei buførde med kyrne dit bort.

Stølsslåtta var som ei høgtid i den travle onnetida. Når veret var godt var heile familien med her. Om morgonen vassa Ola over nede på Fossen for å koma tidleg på slåtteteigen. Og so rodde kvinnfolka og ungane over med båten nå dei hadde gjort unna morgonsjodnet. Dei hadde mat med seg for heile dagen, og i stølshusa kunne dei både koka og finna innehyse om veret vart surt. Her var blåbærtuer og molteknytingar til tidtrøyte for smågutane. Og når sola skein varmt og godt fekk dei gå mest nakne på jakt etter frosk og rompetroll i lókpüttane.

Turrhøyet frå stølsteigen rodde dei heim, 4 bærer i kvar vending.

So var det heimeslåtten. Det var ikkje so svært mykje å rekna for eng utenom åkerreiner og kantar. Både Robbi og Dokji var berre som ei halveng, og Øykjateigen hadde berre fenge den gjødsla som beitedyra let etter seg. Men der var eit omframt fint gras som vart teke vel vare på til hestefor. Buateien var etter

måten i god hevd. Små-Lars – ein masfjording som hadde vorte gift med gamle Torbjørg Berge då ho var kårkone – hadde hatt denne teigen som kårteig, og i denne tida hevda den godt opp.

Det lengste graset på heimebøen vart hesja, men det meste vart turka som flathøy.

Oddmundsdalen var storslåtta på Berge. Her var vidder å slå – fine langorvslåttor – so lenge tid og krefter tillet det. Her var ei løa som skulle fyllast – det ein året frå ytste og det andre året frå heimste teigen. Det vart meir for ljàen når ein slo berre annakvart år. Men utanom løteigen var her ogso fleire stakksteigar. Det var ytste øpste stakkstóet, ytste nedste stakkstóet og to myrestakkstó. Det vart ikkje so vidt ein einsam kar rakk her, sjølv om Ola låg over i løa for å nytta dagen ut, og sjølv om han var ein framifrå slåttekar. No kunne han ynskt at småkarane hadde vore so store at dei hadde evna å bruka langorvet. Men dagane gjekk og høyet fyllte etter kvart løa. Då vika var slutt var løa fullstappa. So var det berre å setja risgarden i stand so ikkje bufeet skulle kom til å øyda velgjort arbeid.

Stakkstóa laut berre få vera dette året, han rakk ikkje meir i Oddmundsdalen denne gongen.

So var det Øyeslåtta. Det var to teigar med lør til kvart av bruka på Berge, ein teig til kvar oppom og ein teig til kvar nedom Øyadalselva. På flatane var det mest finnskjegg, og hardbeitt for ljàane når det var godver og dogglaust. På Dyreflotene og oppi brekkone var det meir sneglegras og blomekjerr som betre let seg hesja når det var skralt med høyerre.

Øyaslåtta var arbeidsam etter det graset som vart samla der, men det var lettare å få høyet heim om vetteren derfrå enn or Oddmundsdalen.

Det vart fortalt at Øyane frå gamalt av hadde vore statsalmenning og tent som kvilestad for fjellfolk og driftekarar som kom austfrå på veg til Bergen.

Bergen var frå gamalt av den viktigaste handelsstad i landet, der gardsprodukter vart omsette eller bytte i innførde varer både frå England og Tyskland. Frå Bergen var handelen og skipsfarten med utanomverda utvikla langt tidlegare enn frå nokon annan by i Norge.

Og frå dalane på Austlandet, og frå Vossebygdene vart både storfe og småfe jagde i store drifter yver Kinni og Lonane, ned Hatlestadlia, over elva i Bergskoro til Øyane. Her kvilde dei so gjerne med driftene nokre dagar før dei drog vidare om Liastølen, Herfangen og til Vaksdal. Frå Vaksdal var det båtsamband med Bergen. Store båtar var rodde eller segla både med driftefe, varor og folk.

Driftekarane var ein eigen stand av forretningsfolk den gongen. Det kunne vera austlendingar eller vestlendingar som reiste rundt på bygdene og kjøpte opp dyr til driftene sine. Dei kjøpte på "slump" og betalte kontant. Denne form for handel med dyr held seg på bygdene heilt fram til etter århundreskiftet, og det gjekk drifter frå Voss yver Bergsdalen og til Vaksdal so seint som rundt 1870 ára.

Da Bergsøyane var almenning hadde garden på Berge rett å slå der. Men kom driftekarane so seint at dei vart liggjande verfaste på grunn av snø eller anna uver, so hadde dei rett å ta høy or løone til for åt dyra sine utan vederlag. I denne tida

skulle det ogso har vore gjestgiveri i Øyane. Det var ei gjenta som heitte Borgny som var gjestgjevar, og ho hadde til og med rett å brenna brennevin for å skjenkja driftekarane. Venteleg var gjestgjevaren autorisert av dei styresmakter som då rådde, og det er tydeleg at denne ferdslvegen har vore både naudsynt og mykje nytta den gongen. Borgny har nok vore ei framtøkt og omtykt gjente som gjestgjevar. Navnet hennar vil for all framtid vera knytt til Borgnynolten – ein fjelltopp som sikkert i si tid, endå meir enn no, har vore ein kjær vegvisar og eit fastmerke for fjellfarande folk i skodde og uver.

Borgny sitt navn er ogso knytt til teigen Borgnytuftene i Øyane. Her kunne ein sjå rester etter hustuffer so seint som fram til 1950 då stein og jord vart jamna med bulldosser. Ein har gått ut frå at desse hustuftene var rester etter det gjestgiveriet som ein gong var i Øyane. Og slik terreng og jordlag er på denne staden, er det ikkje utenkjeleg at desse tomtene kunne ha vore frå ei tid som ligg fleire hundrar r attende i tida.

I eldre tid vart Øyane ofte kalla Fjellmannsøyane, eit navn som sikkert stammar frå den tid Øyane vart brukt som kvilestad for driftekarar og andre som for denne fjellvegen. Det er også fortalt at opprinneleg haurde Øyane til Lid, men at denne teigen vart gjeven til Berge i dåpsgave.

Når slåtten i Øyane var gjort, var det å flytta heim til gards att med rivor, tog og anna som vart brukt i slåtten. Teigane – over bøen – og Ura skulle ogso farast. Ja, på Berge var det ikkje slåttone det stod på. Det var arbeidshjelpa og veret som avgjorde kor lenge utover hausten ein kunne samla vinterfor til buskapen, og kor stor vinterfornad ein kunne ha.

Og so skulle kornet - det viktigaste av alle grøddor – bergast i hus.

Kornet vart skore med sigd og sett på staur (råstaur). Og når det vart turt, bar ein det inn som anna høy på tog, og la det i stål med aksenden av kornbanda vend mot mitten av stålet. På denne måten vart det minst spill.

Litt poteter var det ogso som skulle i hus før frostnettene sette inn.

I det heile vart det eit bra år med etter måten mykje og god avling Ola fekk i hus dette fyrste året på Berge. Men han tykte likevel at det vart for lite han rakk einsam kar som han var.

Det var enno mykje som laut gjerast før vetteren kom.

Korn, salt, sild og turrfisk laut hentast heim frå Bolstadøyri. Smør og kjøt skulle leverast tilbake som betaling. Og kløvvegen fram og attende frå Bolstad var ofte hard og strid både for mann og hest.

Heimekornet laut treskjast og rensast, og alt kornet skulle malast før kulden kom og kvennvatnet fraus bort og vart lite.

Det kunne vera hardt å fara til Bolstad etter kløv når kløvkaren attåt skulle ha si eiga bør, men det kunne verta ennå meir slitsamt å svinga tusta heile dagen, og dertil bruka dróftetroget slik det måtte gjerast om kornet skulle verta velrensa og skikka til matbruk.

Men det gjekk. Det var ikkje annan måte å gjera det på.

Og frostnettene kom og varsla hausten for alvor, og snøen tøygde seg lenger

og lenger nedetter dalsidene dag for dag. Dette er fjellfolket sitt kappløp med naturtilhøva. Det kan skifta ein viss mun frå år til år — det kan vera blidare eller barskare — men det kjem alltid.

So ein dag har snøen lagt seg over både fjell og dal. Vatn og elvar frys til. Jorda har fatt den kvite dundyna over seg og sovna inn til den lange vintersvevnen. Buskapen er komen i hus, og dyrekroppane lever i fjøs og stall. I stovehusa brenn det lystig på åren — Fjellfolka pustar ut og tek dagane med ro. Dette er kvilda etter ei strevsam onnetid.

Men vetteren er ikkje berre dyrestell og kvild på ein fjellgard. Ved skal heim og hoggast, og høyet frå utslåttene må ogso hentast. Dette kan ofte by på harde dagar sovel for hest som for mann når snøen ligg høg og er ubrøytt. Vidjetrugene held ikkje lenge heller, og ofte blir det å binda truger til langt på kvelden for å ha dei i orden for neste dag.

Men Ola visste om alt dette frå han var heime i Eksingedalen, og han kunde dei arbeid som trongst. Og var det noko særlege ting på Berge som han var utrygg på, so visste Gommor korleis slike ting vart gjort i si tid på Nesheim. Nesheim i Eksingedalen var nemleg meir utprega fjellgard enn Lavik, og kunne ogso elles samanliknast meir med garden her på Berge.

For å skøyta på vinterforet vart det beita av bjørkeveden før den vart hogd. Og det grovaste både av bjørk og raun vart skava borken av til for at husdyra. Beista likte dette attåforet, og smøret vart gult og fint som somarsdrott. Det syntest ogso som beit og skav var helsesamt at buskapen med den elles ein-sidede høfvinga. Når det vart tid til det sette Ola ut rypesnaror. Dette har frå uminnelege tider vore eitt viktig tilskot for fjellbygdene — Frå fyrst som direkte mat, men seinare for å skaffa naudsynte kontantar — eller som bytemiddel.

Dagane, vikone, månadane og åra gjekk sin gang på Berge. Og barneflokket voks. I 1878 vart Nils fødd. Og så kom dei kvart anna år, Ragnhild, Johannes, Torbjørg, Andreas, Knut og Anders. Det var den naturlege rytmen, leveviset og næringsgrunnlaget som fekk avgjerda kor ofte huslyden auka. Og borna var alltid velkomne i dei dagar. Ein stor barneflokk var den største velstand og velsigning. Og det Herren gav liv, fødde han ogso.

Men det var ikkje alltid like lett å vera husmor som skulle metta ein stor huslyd i vekst. Det meste laut garden gjeva av næring. Viktigaste var mjølk, mjøl, poteter, kjøt og fisk. Noko korn til maling og sild og turrisk vart kjøpt. På Berge var dei forresten heldige som hadde so rikt eit fiskevatn. Og det var alltid ekstra kjærkome kvar vår når isen i vatnet byrja tina so det vart råd å fiska att og få fersk mat.

For å skaffa det som laut kjøpast, laut ogso noko seljast. Det var smør, noko slakt, villt og eit og anna livdyret.

Men kjøp og salg var ikkje gjort i ei handvending. Dei laut til Bolstadøyri for å gjera det. Og vegen dit var både lang og ofte nær uråd å koma. Difor var det naudsynt å førebu, særleg vetteren. Om hausten reidde dei heim det kornet som trongst vetteren over, og likeeins det dei laut kjøpa av salt, sild og fisk. Mindre og lettare ting bar dei på ski over fjellet om vetteren. Og det same gjorde dei ogso

med det smøret som vart til salgs i denne årstida

Men ofte hende det ogso at korn og andre tunge ting laut berast heim på ski vetterstid. Det kunne vera på grunn av at vetteren kom uventa tidleg, eller av di kontantane ikkje strakk til på den tid det høvde best for transporten.



Sitjande f.v: Kristbjørg 1870-1958, Knut 1872-1959. Ståande f.v: Rangvald 1903-1994, Magnus 1905-1998, Roy 1921-1997, Klara 1907-1987, Anton 1910-1973, Erling 1913-1988.

Utlånt av Eirik Småbrekke.

Etterord

Det er vel i grunnen uråd for oss i dag verkeleg å forstå korleis det var å bu og livnæra seg på ein fjellgard for 100 å sidan.

Det gjekk ingen veg gjennom Bergsdalen den gongen. Den kortaste vegen til handelsmannen var over fjellet til Bolstadøyri. Varene dei kjøpte eller bytte inn måtte i stor grad kløvjust på hesteryggen eller berast. Jordbruket den gongen var det ein kallar eit sjølvbergingsjordbruk, men litt måtte dei kjøpa attende eller byta til seg som salt, litt sukker og kaffi og korn. Sjølv om korn var vanleg på gardane også i Bergsdalen den tida, hende det nok ikkje sjeldan at kornet fraus før det vart modent.

Som oftast var det store barneflokkar den gongen. Soleis også på Berge. I

tillegg hadde dei kårplikt. Men livsmotet, hardt arbeid, nøysamheit og trua på framtida hjelpte dei gjennom.

Det er saga om besteforeldra sine i kvardagen han Anton skildrar. Hendinga er autentisk og kjeldene er i hovudsak det mor og far har fortalt. På ein levande måte fortel han om han Ola og ho Anna som hadde gard på Dale i 7 – 8 å før dei flytte opp til Berge saman med 3 born og ho Gommor (mor til ho Anna). Me får høyra at det var dei store og rike utslåttene, saman med godt fiskevatn og godt jaktterreng som var hovedårsaka til at han Ola såg større framtid i fjellbygda enn på Dale.

Me får høyra om gardshandelen og om forholda og folket som då var på Berge. Me får vera med flyttedagen og på ein gripande måte fortel han om dei tankane ho Anna gjorde seg då ho langt om lenge fekk gå til ro, men ikkje fekk sova. Kva ville den nye heimen gjeva dei som nå var komne der og for nye ættled som skulle koma etter dei?

Det vart strevsame dagar for nyafolket på Berge den somaren. For kvinnfolka galdt det koma seg i stand i huset og å baka flatbrød til somars. For Ola var det å setja seg i stand til slåttten. Den fyrste slåtteteigen var Jedlane som låg lunt til. Graset på heimebøen var endå ikkje nok vakse. Han Ola var ein drivandes slåttekar og ho Gommor var rakstejente og såleis fekk samla mykje for alt fyrste sommaren.

Han Anton slutta forteljinga her med besteforeldra. Eit blad i historia er dermed slutt. Etter dei er det komne nye generasjonar og nye greiner er vakse fram på treet som Ola og Anna planta om på Berge i 1877. Ein grunnstein for ein ny ættegard var lagd.

Det er eit stort og verdifullt arbeid han Anton her har gjort ved å skriva denne saga, ei forteljing som har stor interesse for oss som lever nå og til stor nytte for dei som kjem etter.

Moss i mars 1990